

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------|--------------------|------------|
| Eirik Bouwer Utne | FA - CO0, FE - 233 | 18/2536 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 60/2018 | Utval for levekår | PS | 27.11.2018 |

Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2018/19 - Meland kommune

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Fylkeskommunen si ordning «*Tilskot til vern og våling av verneverdige bygg*» vart endra i 2017, der kommunane no har fått ei aktiv rolle i søknadshandsaminga. Dette må sjåast i samanheng med arbeidet med kulturminneplanar i kommunane.

Tilskotsordninga heiter no «*Tilskot til verna kulturminne i Hordaland*», og tek sikte på å gje tilskot til istransetting av verneverdige kulturminne prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone eller vurdert av fylkeskommunen til å ha høg regional verdi.

Det er kommunen som no søker tilskot med bakgrunn i innkomne søknadar lokalt, og som så fordeler vidare eventuelt tilskot til dei opphavlege søkerane. Ein får ikkje støtte til tiltak på kulturminne i offentleg eige, på freda kulturminne eller til ordinær drift og vedlikehald.

Det overordna målet med ordninga er å sikre regionen sine kulturminneressursar som vitskapleg kjeldemateriale og grunnlag for nolevande og framtidige generasjonars oppleveling, sjølvforståing, trivsel og verksemd. Tilskotsordninga sitt føremål er å minimalisere tapet av verneverdige kulturminne, gjennom å støtte kommunar som tek ansvar for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale og regionale mål. Ordninga skal stimulere til auka innsats på kulturminnefeltet og styrka vern av prioriterte kulturminne av lokal og regional verdi.

Tildelinga føreset kommunal eller eventuelt anna finansiering i minst tilsvarande storleik. Tiltaka skal følgje antikvariske retningsliner. Vidare vert det lagt vekt på kulturminnet sin regionale kulturminneverdi, eventuelt fritak for eigedomsskatt for bygningar med historisk verdi, kommunal tilskotsordning for kulturminne, lokal forankring og vedteken kulturminneplan. Det siste punktet er varsla å førebels kunne sjåast vekk frå, etter som mange kommunar i fylket ikkje enno har ein vedteken plan. Søknaden frå kommunen må innehalde ei kort skildring av tiltaka med finansierings- og framdriftsplan i prioritert rekjkjefølgje.

Etter som Meland kommune ikkje har ein vedteken kulturminneplan med prioriterte kulturminne,

må kommunen gjere ei særskild prioritering av innkomne søknadar. Vurderingane er gjort med omsyn til føresetnadane i Planprogram for Kulturminneplan i Meland kommune.

Vurdering

Det er komme inn ein søknad: Terje Marheim søker til rehabilitering av steinløe på Dalstø, med sum kr 50 000.

Steinløa ligg på gnr/bnr 19/5, og er av svært høg verdi. Opphavleg funksjon er som flor og løe, i dag som vedskul. Løa har veggar i tørrmur, gavlar i bindingsverk og eit sjeldant flott helletak. Sperra er ferd med å gi etter, og skiferen og sutaket må merkast og takast ned slik at sperra kan erstattast og forsterkast. Søkjar vil legge tilbake det gamle sutaket, som består av eldre båtbord, før skiferen vert lagd på igjen til slutt.

Bygget er SEFRAK-registrert, 1256 0208 032, men ikkje verna. Bygget vert vurdert av Meland kommune, ved tenesteområde kultur, til å ha svært høg verneverdi og i tråd med arbeidet med kulturminneplan for Meland kommune. Verdien er stadfesta av Bygningsverntenesta ved Museumssenteret Hordaland. Tiltaket fekk kr 50 000 i kulturmiddlar i 2018, i tillegg til SMIL-middlar. Det vert òg søkt middlar hos UNI og Norsk kulturminnefond.

Folkehelse

Rehabilitering og vøling av kulturminne er med å skape stadtjensle og byggje oppunder identitet i lokalsamfunna.

Miljø

Saka har ikkje påverknad på miljøet.

Økonomi

Saka har ikkje konsekvensar for kommuneøkonomien.

Konklusjon

Det ligg føre ein søknad til Tilskot til verna kulturminne i Hordaland. Vidaresending av søknaden er avhengig av politisk handsaming, i påvente av ferdigstilt kulturminneplan.

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår godkjenner at det vert sendt vidare søknad for Terje Marheim, til Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2018/19

Utval for levekår - 60/2018

ULK - behandling:

Leiar kultur Eirik Utne orienterte.

ULK - vedtak:

Utval for levekår godkjenner at det vert sendt vidare søknad for Terje Marheim, til Tilskot til verna

kulturminne i Hordaland 2018/19.